
Fra: Tonje Nepstad Epland
Sendt: onsdag 23. oktober 2019 12.03
Til: 'stian-kristoffersen@outlook.com'
Kopi: RA-Byggesak
Emne: Oppføring av spikartelt på Radøytunet
Vedlegg: Radøytunet plankart.pdf; Radøytunet Planføresegner.pdf; Høyringsnotat endring i TEK 11-6.pdf

Hei

Dykkar e-post av 11.10.19 om «spikartelt» på Radøytunet omfattar tre tema:

1. Kommunal arealplan
2. Søknadsplikt etter plan- og bygningslova
3. Tekniske krav (brannkrav)

1. Kommunal arealplan

Vedlagt følgjer reguleringsplan for Radøytunet. Plankartet viser 44 vogner. For vognene som er plassert i samsvar med nummererte plassar på kartet gjeld vedlagte planføresegner. Vogner som ikkje er plassert i samsvar med nummererte plasser på plankartet er ulovleg plassert, og skal fjernast. Her kan det følgjeleg heller ikkje lovleg førast opp andre/nye tiltak som spikartelt.

(Kommunen gjer merksam på at *Generelle reglar for oppsetjing av fortelt på campingvogner i Radøy kommune* som det er vist til i planføresegna for Radøytunet er oppheva i 2010. I staden for gjeld generelle reglar i plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter.)

2. Søknadsplikt etter plan- og bygningslova

Utgangspunktet i plan- og bygningslova er at alle bygg/anlegg/konstruksjonar er søknadspliktige med mindre lova sjølv gjer unntak. I byggesaksforskrifta (SAK) § 4-2 c er det gjort unntak frå søknadsplikt for campingvogn.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i vedlagt høyringsnotat frå 15.03.19 side 5 presisert at «*Unntaket i § 4-2 bokstav c gjelder fortsatt kun for campingvogn med uisolert fortelt (enkelt fortelt av duk) på campingplass. Det innebærer at plassering/oppføring av spikertelt ol. fremdeles vil være søknadspliktig*»

Konklusjonen er såleis at oppføring av spikartelt på campingplass er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

3. Brannkrav

Per i dag gjeld det avstandskrav på 3 meter mellom campingvogner med fortelt av teltduk, aluminium, glassfiber eller plast, som kan demonterast og flyttast på en enkel måte. For campingvogner med spikartelt gjeld avstandskrav på 8 meter, jf. plan- og bygningslova § 11-6.

Med grunnlag i vedlagt høyringsnotat må det forventast at føresegna i nær framtid vert endra til eit generelt krav på 4 meter mellom campingeiningar, uavhengig av om vogna har fortelt eller spikartelt. Før nye avstandsreglar eventuelt vert vedteke vil avstandskravet for spikartelt framleis være 8 meter.

Helsing

Tonje Nepstad Epland
Teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no

